



Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 1. Januar 2009

Godt Nytt År ! Vi ynskjer alle lesarar av DiS det aller beste for det nystarta året.

Merk dykk, alle som ein, at vi treng tipsarar i det nye året for alle organ i dalen. ”Stort & Smått” (ti nummer i 2008) er Velledalen IL sitt organ. Dalen i Sentrum (16 nummer i 2008) er eit uavhengig organ som jobbar for eit balansert dalføre. Det er Atle Hole som personleg er ansvarleg for det som kjem på trykk i DiS, ikkje Velledalen i Balanse om nokon måtte tru det. ViB er derimot ansvarlege for nettsida www.velledalen.net, der Liv Nordli Hole er redaktør. Nettsida og DiS har ein del overlappande stoff. Dette fordi mange av dei eldre i dalen ikkje les nettsida. Men dei les DiS frå topp til botn, og dei er rause med tilbakemeldingane.

Ny nettrekord. Stadig fleire les www.velledalen.net. I desember vart det sett ein staut ny besøksrekord. 2886 var innom i desember 2008. Den gamle rekorden var frå november 2008 og lydte på 1910. (auke på drygt 50 prosent). Same trenden hadde linken til VIL-sida. Den hadde 962 innom i desember 2008. Den tidlegare bestenoteringa var på 641 (auke på 50 prosent også her).

Hjortejakt 2008. Dei endelege fellingsresultata for hjortejakta 2008 ligg no føre. Velledalen storvald var deldelt 105 dyr, 64 måtte bøte med livet, som gir ein fellingsprosent på 61. Dette er nest dårlegast i Sykkylven kommune, berre Vindsnes vald er bak med ein fellingsprosent på 50. Dei skotne dyra kan delast inn slik: Kalv 21, Piggbuk 11, Eldre hann 11 og Hind (ungkolle og eldre kolle) 21.

Totalt for heile bygda vart det skote 301 dyr – fellingsprosent 73. Hundeidvik storvald hadde tildelt 63 dyr, skaut 64, som gav ein fellingsprosent på 102. Høgast i Sykkylven.

Takk til kvinner! Like før jul flytta Astrid Bø Hole, Borghild Neset og Oddrun Drabløs til meir sentrale strom av bygda. Desse tre har gjennom lange liv vore sentrale på ymse felt i dalen, eksempelvis i misjonsarbeid, helselag og bondevinnelag. Borghild er til og med Kulturprisvinnar i Sykkylven. På vegne av folket i dalen takkar vi alle tre for brennande engasjement til beste for dalen gjennom ei lang rekkje av år.

Barne- og familiefest. Sondag 4.januar klokka 1600 vart det arrangert Barne-og familiefest i Velledalen bedehus. Av programpostane nemner vi: Julesongar, andakt ved Monica Breivik Orre, musikk ved Øygunn og Per Svein Tandstad, servering av godteposar og gang rundt juletreet. Alle er hjarteleg velkomne, heiter det frå arrangementskomiteén.

Nådde 5 millionar. Petter Velle, styreleiar i Velledalen i Balanse, skein som sol like etter stengjetid ved Jokerbutikken nyttårskvelden. Ikkje rart, ettersom omsetninga for 2008 stoppa på fine 5 002 372 kroner. Dette utgjer ein omsetningsauke på 12,85 prosent i høve til 2007.

Stengt grendahus. Kristin Grebstad, styreleiar i Velledalen grendahus, opplyser at huset vart stengt i perioden 1.-11. januar. Dette skuldast naudsynt vedlikehaldsarbeid.

Den gløymde meister. Siste helga i juni 2008 vart gruppa New Look NM-vinnar i trekkspel musikk i Sandnes. Med i denne gruppa var dalen sin nyslegne pensjonist, Sigbjørn Brunstad. Pussig nok ”lak” det lite informasjon ut om dette. Dei aller fleste velledalingar var totalt uvitande om meisteren som stilltiande vandra rundt i dalen. Men det kom ut, i form av julekonkurranse på www.velledalen.net

Sigbjørn har sysla med musikk på eit eller anna nivå det meste av livet. Frå påliteleg hald har vi fått melding om at han spela i bryllaupet til Anita og Svein Hjorthol – for 33 år sidan. Men altså: Still going strong, no som NM-vinnar med gitar i ei trekkspelgruppe. Sein, men hjarteleg gratulasjon frå DiS !



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.